



Leif Odd Grønhaug  
Dalemarka 17  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/2627 - 23/27606

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
12.04.2023

## **Førebels svar med trong for tilleggsopplysninger - gbnr 320/2 Dale øvre**

Tiltak: Søknad om deling. Tilleggsareal.  
Byggjestad: 320/2  
Tiltakshavar: Leif Odd Grønhaug  
Heimelshavar: Sigmund Kjell Grønhaug

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 24.03.2023.

### **Vi trenger meir dokumentasjon i saka**

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Arealet som vert søkt frådelt som tilleggsareal ligg i uregulert område sett av til LNF (Landbruk, Natur og Friluftsliv) i kommunedelplan for Meland. Det må derfor søkjast om dispensasjon frå arealformålet for å få delt frå arealet som tilleggsareal til bustadeigedom. Informasjon om deling og arealoverføring finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#) og i vedlagte skriv. Me gjer merksam på at gebyret for dispensasjon er kr. 17 617,-. Dette kjem i tillegg til gebyr for handsaming av delingssaka og oppmålingsgebyr.
2. Formelt sett skal eigar av gbnr 320/2 skrive under på søknadsskjemaet.
3. Dersom gbnr 320/23 gjev frå seg om lag like stor areal som tilleggsarealet det vert søkt om, kan saka gjerast som grensejustering. Dette er ein enklare prosess og lagt rimelegare. Ber om tilbakemelding på dette.

Om du ønskjer møte om utfylling av papira. Kan du ta kontakt med underteikna.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **21.05.2023**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

## **GENERELL INFORMASJON**

### **Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad**

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

Informasjon til tiltakshavar og søkjar om dispensasjon(458297)

### **Mottakarar:**

Leif Odd Grønhaug

Dalemarka 17

5918 FREKHAUG